

# Kroppssleg uttrykk og leik

TID: 60 minutt

UTSTYR OG FØREBUING: Teknisk verktøy som kan spele musikk, til dømes høgtalar eller smarttavle. Godt med golvplass.

## Oppstart

Introduser songleiken «Jungel-rap». Elevane går i sirkel etter kvarandre i rommet og syng. De kan også velje å syngje songen utan å bruke den innspelte versjonen. Det gir rom for å tilpasse songen til gruppa. Elevane kan kome med forslag til kva dei ser i jungelen, og aktiviteten kan utvikle seg på bakgrunn av elevane sine idear og initiativ. Har de tilgang til rytmeinstrument, kan den vaksne markere pulsen og spele rytme. Ein kan tilpasse musikken og det musikalske uttrykket på instrumentet ettersom forslaga frå elevane kjem. Ei anna moglegheit er å dele ut rytmeinstrument til elevane.

Sett dykk i lyttekrok og attfortel innhaldet i biletboka *Eventyret om flodhesten*. Vis framsida av boka og be elevane hjelpe deg å hugse kva som hende:

- Korleis hadde flodhesten det i starten av boka? Kva tenkte han om seg sjølv?
- Kvifor ville dei andre dyra stoppe flodhesten? Korleis klarte dei å stoppe han?
- Kva sa dyra til flodhesten? Kva gjorde det med han?
- Korleis hadde flodhesten det i slutten av boka? Kva tenkte han om seg sjølv?

## Øving 1 – utforske og uttrykkje kjensler med mimikk og kroppsspråk

La elevane vise ulike kjensler (glad, redd, trist, sint, ro, stolt) med mimikk og kroppsspråk. I denne omgangen skal elevane vise kjensler utan verballyd.

## Øving 2 – dramatisering av dyr

Elevane skal vere dyra frå biletboka. Start med å samtale om kva dyr som var med, korleis dyret ser ut, og korleis dyret rører seg. Sei deretter kva for dyr elevane skal dramatisere. Elevane brukar mimikk og kroppsspråk, også denne gongen utan verballyd. La elevane røre seg i rommet. Ta deretter ein runde der elevane også får lage dyrelydane.

## Øving 3 – samarbeidsoppgåve

Del elevane inn i grupper på om lag 4–5 elevar. No skal dei få oppleve korleis det var for flodhesten å bli boren. Snakk saman med elevane om kva som må til for at vi som gruppe skal klare å bere ein av medlemmane. Be elevane legge ein plan for korleis dei kan samarbeide. La elevane diskutere først, deretter teste ut teorien. Ver merksam på at samarbeidsoppgåva kan by på utfordringar. Ver tilgjengeleg for elevane, rettlei dei til å prøve ulike variantar av bereteknikkar, sjå til at alle deltek og vert inkluderte. Vis gjerne elevane skilnaden på når støttemuskulatur er på og av. Avslutt med å syngje songen «Det var ein gong ein flodhest».